



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 30.12.2019
Vår ref: 19/00449-28
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Fet næringstomt i Eidfjord kommune. Tiltakshavar: Hardangervidda Pukk & Stein AS.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBNOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) visert til søknad om driftskonsesjon, motteke ved DMF den 28. februar 2019.

1. Tildeling av driftskonsesjon

DMF tildeler Hardangervidda Pukk & Stein AS, org. nr. 990 667 896, heretter kalla «tiltakshavaren», driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av fast fjell i Fet næringstomt på eigedomen gbnr. 19/1 i Eidfjord kommune. Mineralførekomensten hører til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 44 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Fet næringstomt i Eidfjord kommune», produsert ved DMF den 16. september 2019, vedlegg 5.

Området er i Detaljregulering for Fet gnr. 19 bnr. 1 og 2, med planID 2013002, vedteken i kommunestyret den 15. juni 2015, regulert til næring/tenesteyting.

Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving. Tiltakshavaren er ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve.

2. Vilkår for driftskonsesjonen

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.



DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 1 790 000,-, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheten skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 447 500,-, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Før drifta startar skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, sjå vedlegg 1;
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande vedlegg 3;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6, vedlegg 2.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

- Før drifta startar opp skal konsesjonsgrensa avmerkast i terrenget
- Driftstida i uttaket skal avgrensast i høve til følgjande tabell:

Uttak av fast fjell	Sortering og knusing	Uttransport av massar
Driftstid måndag-torsdag kl 07:00-19:00	måndag-torsdag kl 07:00-19:00	måndag-fredag kl 07:00-19:00
Full stans Vinterferie (veke 8 og 9) Heile påskeferie Sommarferie (veke 28,29 og 30) Haustferie (veke 41 og 42) Juleferie	Vinterferie (veke 8 og 9) Heile påskeferie Sommarferie (veke 28, 29 og 30) Juleferie	Vinterferie (veke 8 og 9) Heile påskeferie Juleferie

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplanen for Fet næringstomt. Den godkjende versjonen av driftsplanen ligg ved dette konsesjonsvedtaket, vedlegg 4.

4. Høyringsfråsegner med kommentarar frå DMF

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Eidfjord kommune, Fylkesmannen i Vestland, NVE Region vest, Statens vegvesen Region vest, Hordaland fylkeskommune, samt andre høyringsinstansar slik det kjem fram av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.



Høyringsperioden var frå 19. september 2019 til 17. oktober 2019. Det blei også givne utsett høyringsfrist for Fylkesmannen i Vestland til 25. oktober 2019, samt at det blei givne utsett frist for Eidfjord kommune til 1. november 2019.

Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Eidfjord kommune:

Eidfjord kommune har uttalt seg om forhold knytt til uttaket i relasjon til kommuneplanen sin samfunnsdel – fritidsbustader, påverknad på miljø og naturmangfold, påverknad på kulturminne, forureining, kartlagt område for friluftsliv, minerallova § 5 og andre merknader til slutt. Ifølgje kommunen er den langsigte planen for Sysendalen å forsterka ein berekraftig auke i hytteutbygging, samt at ein vil forsterka og vidareutvikla skitrekk, løypekøyring og turstiar i Sysendalen. Ein konsesjon for næringsområdet for Fet er difor viktig for å unngå at massane transporterast over lange avstandar. Kommunen framhevar likevel at eit uttak i dette området kan innebere noko konflikt med tanke på hytteeigedomane i Sysendalen, då hytteigarane har kjøpt seg hytte i området for å nyta fred og ro i fjellheimen. På bakgrunn av dette meiner kommunen at det må setjast klare føringar på når det kan vera aktivitet i steinbrotet. Vidare peiker kommunen på at støv og støy i særleg grad vil påverke omgjevnadene. I og med at arealet er innfallsporten til hytteområdet og moglege Eidfjord Resort, meiner kommunen at det må setjast krav om utarbeiding av detaljplan for næringsområdet for etterbruk, der det leggjast vekt på naturkvalitetane ved området rundt. I samband med uttaket sin innverknad på naturmangfold viser kommunen til at det ikkje er registreringar i artsdatabanken som krev spesielle omsyn. Når det gjeld kulturminne ligg det ikkje kulturminne innafor området det er søkt om konsesjon for. Kommunen understreker likevel viktigeita av at tilførselsvegar knytt til inn- og utkøyring av massar ikkje påverkar område som er automatiske freda, spesielt kulturminne ID 110942-1 (FET-Grop 140). Vidare meiner kommunen at mogleg påverknad av støv må dokumenterast betre av søkjær. I tillegg viser kommunen til at det ved klimaendringar er å forventa meir nedbør og at nedslagsfeltet til næringsområdet vil vere ca. 120 daa. Området vil drenera mot Drølstølbekken som igjen munnar ut i Bjoreio. I samband med dette viser kommunen til konsesjon til utbygging av Drøllstølbekken kraftverk og den konsekvensutgreiinga som blei gjort i samband med dette. Då nedre del av Drølstølbekken er vurdert å vere eit viktig gytte- og oppvekstområde for auren i Bjoreio, meiner kommunen at mogleg effekt av avrenning må utgreiast nærmare for å avklare om det er behov for sedimentasjonsbasseng. Ifølgje kommunen har støy frå uttaksområdet vore påkлага av nabobar ved fleire anledningar, samt at kommunen har påpekt ovafor eigaren av næringsområdet at reglane for driftstid ikkje har blitt overhalde. Kommunen meiner difor at det må gjennomførast støysonekartlegging og at rettleiarar (T-1442) må leggjast til grunn for støyreduserande tiltak som rekkefølgjekrav. Med tanke på kartlagt område for friluftsliv viser kommunen til at friluftslivet i Sysendalen er viktig så vel sommars- som vinterstid. Tett inntil næringsarealet det søker om konsesjon for, er det regulert skiløyper som fører inn til store opne friluftsområder. Kommunen meiner difor at konsesjonen må utformast på ein slik måte at verdien av dei nærliggjande friluftsareaala og løpenettet ikkje vert redusert. Knytt til minerallova § 5 viser kommunen til at DMF ved ein eventuell konsesjon vil stille vilkår om at søkjær må syta for å ha alle nødvendige løyve etter aktuelle regelverk i orden, og at tiltaket ikkje kan stride mot gjeldande arealplanar. Avslutningsvis peiker kommunen på at anlegget har vore drive utan løyve eller konsesjon over fleire år, og at tiltakshavaren i vedtak av 18. juni 2019 blei pålagt driftsstans med heimel i plan- og bygningsloven sine føresegner.



Eidfjord kommune meiner at det kan takast ut inntil 75 000 m³ totalt, og at uttaket ikkje kan skje lenger enn over ein periode på 4 år frå oppstart. Driftstida bør vere måndag til torsdag frå 08:00-18:00 og at det ikkje bør tillatast drift i helger og på høgtidsdagar.

DMF sine kommentarar:

Når det gjeld det samfunnsøkonomiske perspektivet for uttaket, er DMF einig med kommunen si vurdering at kortreist byggeråstoff er mest hensiktsmessig og særleg i eit område under utvikling. Vi forstår likevel kommunen slik at dei vil at drifta skal avgrensast i større grad enn det er pr. i dag. For å sikre naboar og hytteeigarar i området ro og fred, føreslår kommunen å leggje konkrete føringar for når tiltakshavar kan drive verksemda si på området. Ut ifrå det DMF kan sjå, er det allereie stilt krav om dette i reguleringsføresegne. I punkt 3.6.7 står det at anleggssdrifta i opparbeidingsfasen skal vere avgrensa til måndag-fredag mellom kl. 07:00-19:00. Reguleringsplanen med føresegner utgjer, saman med løyve etter minerallova og etterleving av anna regelverk eksempelvis forureningsforskrifta, grunnlaget for at det kan utførast mineralverksemd i området. Tildeling av ein driftskonsesjon endrar ikkje på det faktum at også andre løyve må vere på plass, og at tiltakshavar må rette seg etter og etterleve dei krav som framkjem av andre regelverk jf. minerallova § 5. DMF forventar at tiltakshavaren faktisk etterlever det kommunen har bestemt i sine føresegner og oppmodar tiltakshavaren om å orientere seg om dette. Dersom kommunen likevel synskjer å snevre inn driftstidene meir enn det som allereie kjem fram av reguleringsføresegne, legg DMF til grunn at dette er ein prosess som best regulerast av plan- og bygningsloven sine føresegner. Det same gjeld utarbeiding av en detaljplan for næringsområdet si etterbruk. Vi meiner at arealavklaringar og reguleringsmessige forhold og omsyn for etterbruken av området er best ivaretakne av kommunen som planmynde. Når det gjeld støv og støy er dette diverre ulemper som drift på mineralressursar fører med seg. Dette betyr likevel ikkje at tiltakshavaren går fri frå å setje i verk nødvendige tiltak for å redusere denne ulempa så godt det lar seg gjere. Dette kjem også fram av mellom anna forureningsforskrifta § 30-4. Når det gjeld automatisk freda kulturminne, kjem det klart og tydeleg fram av kulturminnelova § 3 at ingen må setje i gang tiltak som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje til, skjule eller på anna utilbørleg måte skjemme automatisk freda kulturminne. Tiltakshavaren sitt ansvar etter kulturminnelova er direkte heimla i lova sjølv, og DMF finn det difor ikkje hensiktsmessig å stille eit eige vilkår knytt til etterleving av lova. Vi føreset att tiltakshavaren ikkje føretar inngrep i området som på noko som helst måte er egna til å skade det kulturminnet som kommunen her peiker på. Med tanke på retningsliner og måling av støv viser DMF til at forureningsforskrifta § 30-9 bokstav a) har nærmare føresegner som regulerer dette. I og med at tiltakshavaren driv verksemd som fell inn under forureningsforskrifta kap. 30 sitt verkeområde, legg DMF til grunn at tiltakshavaren sett seg inn i og gjer det han kan for å etterleve og følgje opp dette regelverket. DMF vil i samband med dette peike på at det er Fylkesmannen som er rette mynde til å følgje opp forureningsregelverket. Når det gjeld kommunen sine merknader knytt til ytterlegare dokumentasjon med tanke på støy, nærmare utgreiing med tanke på avrenning og støysonekartlegging, viser vi til tiltakshavaren si eiga utgreiing som følgjer vedlagt, vedlegg 6. Nærmare føresegner knytt til støy og kva forgrenseverdiar som er lov følgjer også av forureningsforskrifta, under dette § 30-7 samt § 30-9 bokstav b) med tanke på måling og berekning av utsipp.



Tiltakshavaren sine kommentarar til kommunen sitt høyringsinnspelfølgjer vedlagt dette vedtaket i sin heilskap. Basert på tiltakshavaren sine svar, har DMF ikkjefunne det nødvendig å stille vilkår utover det som allereie kjem fram av gjeldande reguleringsplan med føresegner og anna regelverk.

Fylkesmannen i Vestland:

Fylkesmannen i Vestland viser til at dei har motteke fleire klager på drifta, både når det gjeld støv og støy. Dei meiner at det ikkje er planavklart eller plangrunnlag for uttak av stein i slikt omfang som det skisserast i driftsplan og søknaden. Fylkesmannen viser til reguleringsføresegnehene punkt 3.6 og peiker på at det i føresegnehene ikkje nemnast noko om uttak av fast fjell. Vidare peiker Fylkesmannen på at oms økt uttaksvolum på 340 000 m³ stein ikkje samsvarar med gjeldande reguleringsplan og at det ikkje er planutreda med tanke på omgjevnadene. Fylkesmannen framhevar at dersom næringsområdet skal nyttast til framtidig arbeid med etablering av Eidfjord Resort, meiner Fylkesmannen at arealet burde ha vore ein del av og blitt nærmare konsekvensutreda i den pågående planprosessen. Ifølgje Fylkeskommunen vil drift av pukkverk over tid vere konfliktfylt for fleire av dei planomsyna som Fylkesmannen skal ivareta, og det må difor vurderast kva følgjer steinuttak over tid vil kunne få for nasjonale omsyn, som eksempelvis for friluftsliv og villrein. Her peiker Fylkesmannen på at grensa for nasjonalparken og område for villrein er nært næringsområdet, samt at det grensar til skiløypetrasear og er ein viktig innfallsport til Hardangervidda nasjonalpark. Dei meiner at på bakgrunn av at Kommunal- og moderniseringsdepartementet i brev av 9. april 2019 uttalte at pågående arbeid for Eidfjord Resort må inkludera resultat frå Norsk villreinssenter sitt pågående prosjekt med ferdelsregistrering av villrein i området, bør det same gjerast gjeldande for vidare søknader om drift i næringsområdet. I tillegg viser Fylkesmannen til at dei ikkje kan sjå at etablering og drift av fjellbyen Eidfjord Resort med hotell og vidare hyttebygging kan samordnast med steinuttak og steinkusing like ved. Fylkesmannen meiner at det her ligg ein klar brukskonflikt eller formålskollisjon. Avslutningsvis viser Fylkesmannen til at Eidfjord kommune bør vurdera plan- eller målkollisjonar ved utvikling av Eidfjord Resort som friluftsdestinasjon. Rådet frå Fylkesmannen er å inkludere næringsområdet på Fet i planområdet til Eidfjord Resort slik at alle konsekvensar og omsyn blir gjenstand for ei heilskapleg vurdering gjennom plan- og bygningslova § 3-1 andre ledd. Fylkesmannen rådar frå å gi driftskonsesjon for tiltaket.

DMF sine kommentarar:

DMF vil i første omgang presisera at det ikkje er vi, men kommunen som har det planfaglege ansvaret for reguleringsplan med føresegner for området. Saken som no er sendt på høyring er søknaden etter minerallova sine føresegner, ikkje i medhald av plan- og bygningslova sine føresegner. Når det gjeld plangrunnlaget for formålet Næring/tenesteyting ligg det i at for å etablere området i tråd med formålet, må det også takast ut mineralressursar i området. Dette er også føresett i reguleringsplanen sine føresegner, då det framkjem konkrete krav til skjeringar i terrenget, samt kva for helling som det opnast for. DMF har i samband med dette også sett hen til Eidfjord kommune sitt høyringsinnspel og at dei ikkje er udelte negative til at ressursane som takast ut i området også kan nyttast til «kortreist byggeråstoff» til et område i utvikling der det er behov for mineralressursane. DMF meiner i samband med dette at dersom kommunen og Fylkesmannen meiner at det må ein revisjon av gjeldande reguleringsplan til for å tillate uttak av ressursar, bør dette avklarast nærmare gjennom plan- og bygningslova sine føresegner, ikkje minerallova. Minerallova legg føringer for uttaket i seg sjølv, krav til bergfagleg forsvarleg drift, sikring og opprydding



med meir. DMF si oppgåve innafor mineralloven sitt verkeområde er å syte for at desse omsyna er ivaretakne gjennom tiltakshavaren sin driftsplan. Eit løyve etter minerallova, under dette driftskonsesjon, erstattar ikkje krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna regelverk jf. minerallova § 5. DMF har ikkje oppfatta Eidfjord kommune slik at dei ikkje under noko omstende vil opne for utnytting av mineralressursen i området. Planfaglege merknader rettast til kommunen som rette mynde. Tiltakshavaren har også motteke høyringsinnspelet frå Fylkesmannen i Vestland og har kommentert desse i eit eige notat. Notatet er vedlagt vedtaket, og DMF viser til det som framkjem av dette notatet. Vi har ikkje funne det nødvendig å stille vilkår på bakgrunn av Fylkesmannen i Vestland sitt høyringsinnspele.

Hordaland fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune har uttalt seg om følgjande tema: kulturminne og forholdet til arealplan. Ifølgje Fylkeskonservatorene i Hordaland blei tilhøvet til kulturminneinteressene avklart i samband med handsaminga av reguleringsplanen. Fylkeskonservatorene hadde ingen merknader til konsesjonssøknaden knytt til dette tema. Med tanke på reguleringsplan meiner Hordaland Fylkeskommune at storleiksorden på omsøkt tiltak er minst 10 gonger så stort som det man så føre seg ved utarbeidning av kommuneplan og reguleringsplan. Dei jamfører dette med ein eldre reguleringsplan frå (2006) der uttaket var avgrensa til maksimalt 5 000 m³ fast fjell ved opparbeiding av næringstomta. Fylkeskommunen viser til at det også er opplyst om dette til reguleringsplanen for Fet (2015). I forlenginga av dette viser Fylkeskommunen til at søknaden tar høgde for eit årleg uttak inntil 40 000 m³, samt at det vil kunne ta opptil 14 år å ta ut alle massane. Hordaland fylkeskommune meiner at så store steinmengder ikkje er vurdert i reguleringsplanen eller kommuneplanen. Dei meiner også at det er høgst usikkert om det ville blitt gitt løyve til eit såpass stort uttak sett i samband med konsekvensane for landskap, støy frå boring, sprenging, steinknusing, støy/avrenning og handtering av store mengder finstoff frå steinknusinga. Fylkeskommunen fraråder for å gi driftskonsesjon for eit samla uttak på meir enn 30 000 m³ fast fjell.

DMF sine kommentarar:

DMF har ved vurdering av søknaden om driftskonsesjon ikkje teke omsyn til eldre reguleringsplanar eller arealavklaring som ikkje er vedteken pr. dags dato. Vi har oppfatta gjeldande reguleringsplan slik at det innafor omsøkt område skal opparbeidast eit areal som skal tene føremålsom næring/tenesteyting. I dette har DMF forstått at det ligg ein føresetnad om at området må opparbeidast, og at det som følgje av dette må takast ut massar. Vi har ikkje oppfatta det slik at gjeldande reguleringsføresegner legg føringar for kor stor total mengde massar som kan takast ut. DMF har vald å sende høyringsinnspelet frå Hordaland Fylkeskommune til tiltakshavaren, slik at han kan svare ut merknadane frå Fylkeskommunen sjølv. Tiltakshavaren sitt svar til Fylkeskommunen følgjer av dokumentet vedlagt dette vedtaket. Eit utdrag av det tiltakshavar sjølv har gjort greie for følgjer likevel under: «Etter vårt syn er det ikkje rett å sei at tiltaket ikkje er vurdert i samband med reguleringsplan. Planen opnar for byggeformål for næring/tenesteyting med utnytting inntil 20%-BYA av eit samla formålsareal på 42,4 daa. I eit slikt formål er det underforstått at det må skje opparbeiding av området slik at det kan byggast ut og utnyttast i tråd med det som det er regulert til. Det er også viktig å peike på at det ikkje berre er tillat utnytting som krev planering og opparbeiding av arealet, men også utnytting av «utearealet» til tilkomst, utelagring, oppstilling av maskiner ol. vil krevje tilrettelegging av området ut over 20%-BYA.



Til orientering var det i førre versjon av reguleringsplan sett av eit areal på 8,9 daa til lager/næringsområde med same grad av utnytting. Då var det i føresegner sett ei grense på uttak av maks 5000 m³ fastfjell.

Gjennom planarbeidet vart ikkje området regulert til masseuttak ettersom formålet heile tida har vore å leggje til rette for næringsareal. For sokjar har det gjennom planarbeidet vore, og vert framleis, vurdert ulike former for næring. Det har difor ikkje vore naturleg å vurdere formålet råstoffutvinning i planarbeid, verken ved utarbeiding av detaljplan eller seinare under arbeid med kommunedelplan for Sysendalen».

I og med at DMF ikkje kan lese direkte frå reguleringsføresegne at det skal stillast krav som avgrensar total uttaksmengd, finn DMF det ikkje hensiktsmessig ut ifrå eit ressursforvaltningsomsyn av den mineralske førekomensten at vi skal leggje føringar for kor mykje/lite tiltakshavaren skal få lov å ta ut.

NVE:

NVE hadde ingen merknader i saka.

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringsinnspelet til etterretning.

Statens vegvesen Region vest:

Statens vegvesen kan ikkje sjå at saka er avgjerande for deira fagansvar på noverande tidspunkt. Dei viser i den samanheng til at søknader om løye til tiltak etter anna lovverk vert eigne saker med eigne vurderingar og vedtak.

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringsinnspelet til etterretning.

Eid fjord Resort:

Høyringsinnspelet følgjer direkte sitert under:

«Eid fjord Resort er i utgangspunktet positivt til at tiltakshaveren har uttak av fast fjell innenfor området det søkes konsesjon for.

Hovedveien inn i området til Eid fjord Resort passerer over tiltakshavers næringsområde, og Eid fjord Resort har en felles interesse med tiltakshaver om å legge til rette for en sikker og god adkomst til Vestlandets nye helårs reiselivsdestinasjon, Eid fjord Resort.

Eid fjord Resort vil, spesielt i de første fasene av utbyggingen, være avhengig av å få tilført steinmasser i ulike kvaliteter til bygging av infrastruktur, og ønsker at denne tilførselen skal være mest mulig kortreist.

Det er samtidig et ønske om at det nevnte området skal fremstå som attraktivt for de tilreisende og bidra til et godt førsteinntrykk av området som helhet.

Ettersom det er planlagt nesten 9 år med uttak, er det samtidig et ønske om å ha et tett samarbeid med tiltakshaver for å begrense støy og anleggsdrift, bl.a. ved å ha klare rammer og tidsrom for drift i uttaket, h.u. helgefred og drift innenfor normal arbeidstid.

Eid fjord Resort har et klart mål om å bidra til økt verdiskapning i Sysendalen, og samtidig med dette også ivareta naturopplevelsen for både hyttefolk og tilreisende.

Vi håper at tiltakshaver også har de samme mål, og ber om at tiltakshaver samarbeider tett med både Eid fjord Resort, hytteforeninger og hyttefolket i Sysendalen, samt



kommunen og næringslivet i dalen for å finne gode løsninger som bidrar til at alle føler seg velkommen i området».

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringssinnspelet til etterretning. Vi oppmodar tiltakshavaren om å etablera god dialog med Eidfjord Resort, hytteforeningane i området og kommunen for å finne gode løysingarslik at uttaket blir ei minst mogleg belasting for hytteigarane og området elles.

Siv og Vemund Halhjem:

Høyringssinnspelet følger i sin heilskap:

«Visert til søknad fra Hardangervidda Pukk ang uttak av stein på Fet - Eidfjord kommune.

Merknad:

Undertegnede har hytte på gnr. 18 bnr. 180 Ole Thompsensvei 41. Eiendommen ligg ca 700 - 900 meter fra aktuelle område for uttak av stein.

I det tidsrommet Hardangervidda Pukk allerede har tatt ut stein, har dette medført støy og støv med negative utfordringer for vår hytte eiendom.

Mye av hensikten med å ha hytte på fjellet er å unngå nettopp støy. Støv blir i tillegg en merbelastning.

Grunneierne selger hyttetomter i området med profilering på rekreasjon, turområdet, ski, etc.

Da blir det helt meningsløst å tillate uttak av stein midt i dette området».

DMF sine kommentarar:

DMF vil understreke at søknaden som har vore til høyring gjeld kor vidt uttaket som er skissert i søknad og driftsplan tilfredsstiller føresegnene i minerallova. Det er ikkje eit spørsmål om gjeldande reguleringsplan, og heller ikkje ei høyring som gjeld kor vidt tiltaket ligg innanfor dei grenseverdiane som er satt med tanke på støv og støy i forureiningsforskrifta. Merknader knytt til arealplanfaglege spørsmål rettast til kommunen som rette mynde, og merknader som gjeld støv og støy og forureiningsregelverket er Fylkesmannen sitt fagfelt. Når det er sagt er det like fullt viktig for DMF at tiltakshavaren har eit bevisst forhold til at han er forplikt til å etterleve dette regelverket, og at ei tildeling av ein driftskonsesjon etter minerallova ikkje endrar noko på dette. Slik DMF forstår gjeldande reguleringsplan, vil ei opparbeiding av næringstromta også innebere uttak av stein. Når tiltakshavaren no søker om driftskonsesjon er det fordi dette uttaket skal skje over lengre tid og tilpassast marknaden for sal av mineralressursen. Det er difor DMF også stillar krav om mellom anna økonomisk sikkerheit i dette vedtaket, sjå punkt 5.11. Når det gjeld belastninga støv og støy vil representere for naboane, føresett DMF at tiltakshavaren vil setje i verk nødvendige og effektive tiltak for å redusere dette så godt det lar seg gjøre. Sjå også tiltakshavaren si eiga utgreiing som ligg vedlagt dette vedtaket.

Eldbjørn Hereid:

Høyringssinnspelet er sitert under:

«Someigarar av hytte på gbnr 19/5, om lag 50 meter unna gjeldande område ynskjer vi å uttrykke stor uro for den omsøkte drifta på gbnr 19/1.

Tiltakshavar har i lengre tid drifta området med sprenging av fjell, knusing av stein, lagring av masser, ulikt maskineri, konteinarar og køyrety, samt tidvis stor aktivitet i området til ukurante tider på døgnet og helligdagar. Dette har medført store



landskapsinngrep, støy, støv, trafikk og sjenanse for oss. Tiltakshaver har også plassert store hauger med avgravd jord på andre eideområder/golfbane i området som er svært skjemmande. Sjå vedlagte bilete som syner massetaket, grop med konteinrarar i forgrunnen av hytta vår og lagra masser på golfbane.

Vi er også uroa for om tiltakshaver er skikka til å drifta eit masseuttak i ordna former, då tiltaka hittil ikkje har vore omsøkte, forutsigbare, eller tilsynelatande under nokon form for fagleg kontroll eller risikovurdering. Slik masseuttaket har vore drifta til no er det grunn til å tru at tilbakeføring av terrenget etter avslutta drift vil vere mangelfull og at landskapsinngrepet vil bli varig.

Ein finn at det er svært uheldig med samlokalisering av masseuttak så nær eksisterande hytteområde, planlagt hytteområde/skisenter og ikkje minst villreinområdet.

DMF sine kommentarar:

Når det gjeld drifta på mineralressursen og at dette ifølgje innspelet har føregått over lang tid, viser DMF til at det er tiltakshavaren sitt eige ansvar å syte for at dei har nødvendige løyve på plass for å kunne drive på ein mineralførekost etter minerallova sine føresegner. Det er dette søknaden som no blir behandla gjeld: å få på plass ei regulering av uttaksverksemda som føregår i området innanfor minerallova sitt verkeområde. Kva fort tema som er handsama i samband med søknaden opp mot minerallova sine føresegner framkjem av vedtaket og dei enkelte punkta i vedtaket.

Når det gjeld driftstider er dette som utgangspunkt stadfestar i reguleringsføresegnene for når slik aktivitet kan utførast. Her meiner DMF at tiltakshavaren må vere sitt ansvar bevisst og syte for at drifta gjennomførast innanfor dei ramane som reguleringsplanen med føresegner set. Dette slik at det i tilstrekkeleg grad blir teken omsyn til naboane og hytteeigarane i området. Tiltakshavaren har eit ansvar for å etterleve forureiningsforskrifta sine føresegner. Merknader knytt til støv og støy rettast til Fylkesmannen. Når det gjeld kva tiltakshavaren har plassert av massar på anna eideområde, er ikkje dette omfatta av minerallova sine føresegner, da minerallova gjeld uttak av massar. DMF stiller krav om økonomisk sikkerheit, sjå vedtaket punkt 5.11. Det som blir avsett av midlar i samband med dette skal sikre at det finst pengar til å rydde og sikre området slik at landskapet kan sikrast og ryddast opp også ved uføreset og plutselig stans av uttaksverksemda. Når det gjeld plassering av verksemda er dette forhold som best blir ivaretakne gjennom plan- og bygningslova sine føresegner.

Trine Minken Amble:

«1. Forsvarlig forvaltning av mineralressurser

Hardangervidda Pukk og Stein AS har i flere år drevet storstilt uttak av naturstein uten gyldig driftskonsesjon ved pukkverket på Fet. Før en driftskonsesjon på totalt 340 000 m³ gis bør DMF foreta en befaring av området for å kartlegge hvor store menger naturstein som allerede er fjernet fra området. Dette er iht. vedlagt dokumentasjon (video 1) betydelige mengder.

2. Skikkethet til drift

Hardangervidda Pukk og Stein AS har driftet anlegget nærmest på døgnbasis gjennom flere år. Det forekommer arbeide og sprenginger fra tidlig morgen til sen kveld. Uttak og sprenging har i perioder pågått både i helger og på helligdager. Forholdet har vært pålag av hytteeiere og fastboende til eier og Eidfjord kommune uten resultat.

Hardanger Folkeblad (HF) tok opp forholdene i en artikkel den 27.august 2018 etter massive klager fra hyttenaboer grunnet mye støy og store mengder svevestøv fra pukkverket gjennom hele sommeren (se vedlagt video 2). Da HF kontaktet



Fylkesmannen i saken fremkom det at eier av Hardangervidda Pukk og Stein AS har innrapportert driften som tilretteleggelse av landbrukseiendom. Eier har gjennom årene ikke gitt fullverdige opplysninger om støy og støv iht. krav fra Fylkesmannen. Eier har videre opplyst at nærmeste bygning er et kårhus 200 meter unna og at virksomheten driver med sprenging en til to ganger pr år.

En befaring av området vil kunne verifisere at dette ikke stemmer. Nærmeste hytte ligger under 100 meter fra pukkverket. Massene som er tatt ut tilsier mye sprengingsaktivitet over tid. Sommeren 2018 ble det foretatt sprengninger daglig, enkelte dager flere ganger om dagen. Også sommer 2019 ble det gjennomført flere sprenginger. Eier har også ikke drevet med tilrettelegging av landbrukseiendom som oppgitt. Hardangervidda Pukk og Stein AS har drevet som et stasjonært pukkverk i storstilt skala for uttak og knusing av naturstein til veier og hyttetomter i Sysendalen. At eier av Hardangervidda Pukk og Stein AS gjennom flere år har unnlatt å rapportere om støy og støvforhold til Fylkesmannen, gitt feilaktige opplysninger i sin søknad til Fylkesmannen samt drevet et stasjonært pukkverk uten driftskonsesjon under påskudd å drive tilrettelegging av landbrukseiendom, bør få konsekvenser når DMF skal vurdere søknad om driftskonsesjon etter mineralloven for Fet næringstomt.

3. Hensyn til natur og omgivelser

Sommerstid er bær, fauna og hytter dekket av et fint støv fra pukkverket i en radius på 5-10 km. Som hytteeier må man i tørre perioder holde dører og vinduer lukket.

Vinterstid har pukkverket sin yttergrense nå trukket seg helt i kant med skiløypen med en fler meter bratt fjellvegg som skille. Sikring er minimal og gjerdene som blir satt opp til sikring snør delvis eller helt ned i skisesongen.

Hardangervidda Pukk og Stein AS sin drift har allerede medfør store negative miljømessige konsekvenser i tillegg til sikkerhetsmessige utfordringer vinterstid. Et årlig uttak på om lag 40 000 m³ vil ha en fortsatt negativ innvirkning på natur og dyreliv samt forringje samfunns- og friluftsliv så lenge driften pågår. En tilbakeføring av området synes ikke mulig gitt de store sårene naturen allerede er påført. Dette bør også DMF ta hensyn til sin vurdering av konsesjonen ».

DMF sine kommentarar:

1. *DMF tek stilling til tiltakshavaren sin søknad slik den føreligg pr. dags dato. Då vi blei gjort kjend med tiltaket og kva for omfanget uttaket hadde, fatta DMF eit vedtak om at uttaket var innafor minerallova sitt saklege verkeområde jf. minerallova § 3, og at tiltakshavar på bakgrunn av dette måtte søke om driftskonsesjon. Det har tiltakshavaren no gjort. Handsaminga av søknaden er ledd i å syte for at tiltakshavaren driv si verksemد innafor minerallova sine rammer.*
2. *Merknader knytt til eventuelle brot på reguleringsføresegner, under dette brot på føresegnar om driftstid/aktivitet, viser vi til at det er kommunen som er riktige mynde til å handheve og sanksjonere etter plan- og bygningslova. DMF har ikkje heimel til å handheve eller sanksjonere etter føresegnar som er given i plan- og bygningslova. Det same gjeld merknader knytt til støv og støy, da dette er Fylkesmannen sitt kompetansefelt. Sakhandsaminga frå DMF si side dreier seg om å ta stilling til kor vidt det driftsopplegget som skisserast i driftsplanen er bergfaglig forsvarlig, og kor vidt tiltaket tilfredsstiller vurderingskriteria i minerallova med forskrift.*
3. *Tiltakshavaren skriv i sin driftsplan at han vil vatne røysa og montera vasspreiar på knuseverket som avbøtande tiltak for å redusera støvplagene mest mogleg i tørre periodar. DMF gjer i samband med dette tiltakshavaren merksam om at verksemda fell inn underforureiningsforskrifta kap. 30 sitt*



verkeområde, og at dette følgjast opp av Fylkesmannen. DMF legg til grunn at tiltakshavaren faktisk gjennomfører nødvendige avbøtande tiltak i tråd med forureiningsforskrifta sine føresegner og melder ifrå til Fylkesmannen i medhald av forureiningsforskrifta § 30-11. Ifølgje tiltakshavaren vil området bli sikra med eit anleggsgjerde på skrentar høgare enn 2 meter. I tillegg skal tiltakshavaren setje opp skilt med «Anleggsområde ingen adgang». Vi minner tiltakshavaren om at uttaket skal iverksetje og vedlikehalde sikringstiltaka for heile området, slik at arbeida ikkje vil medføre fare for menneske, husdyr eller tamrein jf. minerallova § 49. Reguleringsføreseggnene legg premissa for kva området skal setjast i stand til, under dette lagerbygg for produksjon og turking av ved, garasjart til lagring av motorkøyretøy samt anna næringsverksemder. Ifølgje føreseggnene kan det også leggjast til rette for parkeringsplassar. Når det gjeld sikkerheit for at det fins midlar til å sikre og rydde opp området på ein tilfredsstillande måte, viser DMF til at vi i samband med handsaming av søknaden stiller vilkår om dette i vedtaket punkt 5.11. Desse midla skal stå på ein eigen konto som tiltakshavaren ikkje rår over, og vil bli nytta dersom uttaket får ei plutselig og uføresett stans. Då vil staten v/DMF nytte desse midla til å rydde opp og sikre uttaksområdet.

Bent Thomassen:

Høyningsinnspelet ergjengive direkte:

«Visertil høring om driftskonsesjon etter minerallova for Fet næringstrom i Eidfjord kommune med Hardangervidda Pukk & Stein som tiltakshaver.

Som hytteeier i nærområde til Hardangervidda Pukk & Stein må jeg si meg overrasket dersom det blir gis konsesjon til at nåværende anlegg utvides i den grad det er snakk om her.

Det er flere grunner til det;

- Dette er et utstrakt rekreasjons- og friluftsområde for et stort antall hytteeiere. Det er videre planer om utstrakt utbygging i nærområde til anlegget.
- Allerede nå utgjør uttakene av steinmasser et stort krater i naturen hvor skjæring mot sør har en nivåforskjell på 10-15 meter med minimal sikring. Om vinteren med dårlig vær / tåke (som er ofte forekommende), er fare for ulykke absolutt tilstede ettersom nærområdet har en mye bruktskiløype og også tungt belagt med scootertrafikk til Viveli området. Videre utvinning vil gi tilsvarende større risiko for alvorlige ulykker sfa større høydeforskjell og omfang skjæring.
- Utvinning gir svært mye støy og støv og har til nå også foregått i ferier og helg.
- Eiendommen grenser til en drikkevannselv som også er gyte- og oppvekstelv for ørret i Bjoreio.
- Angående argument om bruk av fjell til utbyggingsformål i området, må det kommenteres at hva som synes å være en utfordring ved utbygging av tomter, vei vann og avløp er overskuddsmasser av stein. Dette kunne med fordel blitt tilført denne virksomheten enn plassert rundt omkring i nærområdet.

Forstår argument for søknad om driftskonsesjon relatert til verdiskaping, men mener at natur-, rekreasjonsverdi og fare for ulykker må gå foran.

DMF sine kommentarar:

Merknadane ersvara ut punktvise:



- Planfaglege merknader er best retta mot kommunen, då dei har mynde etter plan- og bygningslova. Uttak av massar er ein del av arbeidet med å realisere planformålet med eigedomen, som ifølgje gjeldande reguleringsplan er næring/tenesteyting.
- I og med at høyningsinnspelet gjeld såpass konkrete forhold på staden, valde DMF å sende høyningsinnspelet til tiltakshavaren for uttale. Ifølgje tiltakshavaren sjølv består sikringa av eit byggegjerde på 2 meter ved dei områda som har høge skjeringar. Tiltaket er ifølgje tiltakshavaren utført i tråd med krav i reguleringsføresegnene og etter vurdering av kva som er forsvarleg sikring av område. Tiltakshavaren vil fortsatt gjennomføre pålagde sikringstiltak i tråd med reguleringsføresegnene, og slik driftsplanen skisserar. I tillegg føretar tiltakshavaren eifortløpande vurdering av kor vidt det er hensiktsmessig med skilting langs gjerde, slik at ålmenta blir gjort merksam på aktiviteten i området. DMF minner i samband med dette om tiltakshavaren si sikringsplikt etter minerallova § 49, og at denne gjeld for heile området det søkjast om konsesjon for. Både skiløypetraseen og turvegen er nemnd i reguleringsføresegnene, og DMF føresett at tiltakshavaren gjør nødvendige tiltak for å ivareta desse føresegnene og leggje til rette for friluftsliv i området samt syte for at sikringa er tilfredsstillande sett i lys av bruken av området.
- Steinbrotsdrift vil medføre støv og støy. DMF forventar likevel at tiltakshavaren gjør seg kjend med føresegnene i forureiningsforskrifta kap. 30 og etterlever dei grenseverdiar og gjennomfører dei avbøtande tiltaka som er nemnd. Det er nedfelt i reguleringsføresegnene at anleggsdrifta er avgrensa til måndag-fredag mellom kl. 07:00 og 19:00. DMF minner tiltakshavaren om viktigheten av å faktisk overhalde desse driftstidene, då dei utgjere ein del av løyvet/arealløyvet til å opparbeide tomta og ta ut massar. Eit løyve etter minerallova, under dette driftskonsesjon, erstattar ikkje det faktum at tiltakshavaren er avhengig av å ha andre løyve på plass og må etterleve krav etter anna regelverk jf. minerallova § 5.
- DMF har ikkje motteke innspeiler eller anna informasjon som tyder på at tiltaket vil ha avrenning eller medføre andre konsekvensar for Bjoreio.
- Når det gjeld samfunnsøkonomisk nytteverdi, er det slik at kortreist pukk og stein vil vere ein fordelfor dei fleste områder under opparbeiding. Dette viser også kommunen til i sitt høyningsinnspel. Dersom området er under utvikling og utbygging vil det vere behov for byggeråstoff, sannsynlegvis i større skala enn det overskotsmassar etter tomteopparbeiding er i stand til å leve.

Jarle Jacobsen:

Merknader frå høyningsinnspelet er formidla i sin heilskap under:

«Vi er eiere av hytte på eiendommen Fetalia 24, gnr. 19 bnr. 32 som ligger noen hundre meter øst for næringstomten.

I den form som steinknuseverket har blitt drevet til nå har det vært en belastning for oss når det gjelder støv og støy.

Vi mener at søknaden ikke beskriver tiltak rundt støv og støy tilstrekkelig, og det refereres heller ikke til noen målinger.

Dersom driftskonsesjon innvilges, ber vi om at det settes krav til iverksetting av tiltak for å redusere støv og støvploger».



DMF sine kommentarar:

Når det gjeld støy har tiltakshavaren i sin driftsplan gjort greie for at plassering av ferdig produkt samt drivretning i uttaket skal vere med på å bidra til å redusere støyplagene så langt som mogleg. For å redusere støyplagene så godt det lar seg gjøre, vil tiltakshavaren montere vasspreiar på knuseverket. DMF vil med dette ovafor tiltakshavar, peike på at dei føreseggnene og grenseverdiane som kjem fram av forureiningsforskrifta kap. 30 vil gjelde for verksemda. Det er Fylkesmannen som fører tilsyn med at føreseggnene i forureiningsforskrifta følgjast opp og etterlevast. Krava til støymålingar og grenseverdiar for kor mykje tiltakshavaren har lov å sleppe ut framkjem direkte av forureiningsforskrifta. DMF finn det derfor ikkje nødvendig å stille vilkår knytt til at tiltakshavaren må overhalde dette, da driftskonsesjonen ikkje gir fritak for tiltakshavaren til å rette seg etter anna regelverk jf. minerallova § 5.

Hyttenaboar i Fetalia:

Høyringsinnspelet er sitert under:

«På Fet er det de senere år etablert flere hyttefelt med bygging av et betydelig antall fritidsboliger hvor hytte eierne har sett for seg fred, stillhet og rekreasjon. Søknad om etablering av steinknuseverk har således skapt stor usikkerhet blant hytte eierne som nå er bekymret for vesentlig redusert opplevelse av fred og stillhet. Med nærhet også til Hardangervidda nasjonalpark og med opplysning om at det finnes dyrearter med særskilt stor forvaltningsinteresse i området er det relevant å stille seg spørsmål om omsøkt konsesjon bør innvilges.

Om konsesjon likevelgis bør en del føringer gå tydelig frem av vedtaket:

- Konsesjonen må ha en tydelig avgrensning i tid med start- og slutt dato.
- Masse- uttak bør kun dekke behov lokalt på Fet. Om det skal tas ut masser til all hyttebygging i dalen vil det bli et veldig stort inngrep i naturen.
- Årlig uttak bør planlegges i henhold til forventet behov slik at man unngår stort masselager med avrenning og støvproblemer.
- Terregng bør tilbakeføres årlig i henhold til reguleringsplanens bestemmelser om terregnform.
- Det bør stilles økonomisk sikkerhet for tilbakeføring av terregng årlig. Tall oppgitt i søknad bør kvalitetssikres. Summer oppgitt i søknad ser veldig lave ut for dekning av et såpass betydelig tiltak.
- Tiltaket vil utvilsomt være sjenerende for brukere av fritidseiendommer i et ganske stort område. Det er således viktig med regulering av tidspunkter for eventuell drift.
- Om sommeren bør det ikke være drift i tidsrommet 1. juli til 15 august.
- I øvrige skoleferier bør det ikke være tillat med drift. (Uke 41/42, juleferie, uke 8 og 9 samt hele påskeferien)
- I driftsperioden bør det kun være tillatt med aktivitet mellom 9 og 17 mandag til fredag.

DMF sine kommentarar:

Med tanke på reguleringsføremålet i gjeldande reguleringsplan har DMF oppfatta det slik at omsøkt område er regulert til næring/tenesteyting. Innafor dette føremålet er det opna for opparbeiding av området, noko som føreset uttak av massar. Det kjem ikkje fram av reguleringsføreseggnene at det er satt noko grense for kor stort uttaket kan vere, anna enn at maksimal utnyttingsgrad er 20 % (%-BYA). Korvidt total uttaksmengde samsvarar med utnyttingsgraden har DMF ikkje tatt stilling til, men føreset at tiltakshavaren følgjer reguleringsføreseggnene, då dei utgjere ein grunnleggjande del av løyvene som må vere på plass for drifta. Tildeling av



driftskonsesjon erstattar ikkje krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna regelverk jf. minerallova § 5.

Høyringsinnspelet er også formidla vidare til tiltakshavaren som har kome med følgjande respons:

«Driftsmessig vil det vera kostbart å ha for store lager, men i periodar er det heller ikkje til å unngå. For at drifta skal vera økonomisk forsvarleg, må det takast ut eit visst volum når ein har innleigde maskiner på staden. Til dømes vil det ikkje skje uttak av fjell og knusing av massar vinterstid, det vil difor vera eit mål å ha masselager som dekkar behovet gjennom vinteren. Som skildra i driftsplanen vil eventuelle lager kunna vera med på å redusere støy frå området når dei vert lagt opp strategisk i forhold til støykjeldene på staden.

Det er i reguleringsplan og i driftsplanen skildra korleis tilbakeføring og opparbeiding av området skal utførast. Tiltakshavar har til hensikt å etterleve dette, og har difor mellom anna mellombels deponi av jordmassar som er tiltenkt formålet med tilbakeføring. Det må likevel presiserast at det er behov for eit viss areal i forbindelse med uttak av massar, slik at det under driftfasen ikkje kan tilbakeførast massar for nært inntil områder der fjell vert/skal takast ut.

Søkjar er innforstått med at det allereie i medhald av reguleringsplanen er sett tidsavgrensing for drifta, noko han ser positivt på. Fleire innspel til høyringa peikar på behovet for dette, nokon set fram forslag om nye tidsavgresningar.

- Reguleringsplanen opnar for drift i tida måndag-fredag kl. 07:00-19:00.
- Kommunen spelar no inn forslag om drift måndag-torsdag kl 08:00-18:00.
- Hyttenaboar spelar inn forslag om opning for drift måndag-fredag 09:00-17:00.

I tillegg ber dei om stans i drift for ferietider:

Vinterferie (veke 8 og 9)

Heile påskeferie

Sommarferie (1.juli – 15. august)

Haustferie (veke 41 og 42)

Juleferie

Det er forståeleg at det frå hytteigarar si side er ynskjeleg med korte driftstider, og full stans i drift medan dei er på hyttene sine. Søkjar ser at det er mange hytteigarar som nyttar hyttene sine i langhelger, frå torsdag til søndag. For søkjar, som også er arbeidsgjevar, er det viktig at det er mogleg å halde drift som er foreinleg med arbeidstider i bedrifta. Å stanse drifta i samband med all ferieavvikling vil difor ikkje vera ønska eller realistisk. Søkjar er likevel open for at ulike aktivitetar innafor drifta kan ha ulike tidsavgrensingar då dei medfører ulik grad av sjenanse.

For å koma høyringspartane til ei viss grad i møte, er søkjar villig til å redusere mogleg driftstid og føreslår tidsavgrensingar som vist i tabellen:

	Uttak av fast fjell	Sortering og knusing	Utransport av massar
Driftstid	måndag-torsdag kl 07:00-19:00	måndag-torsdag kl 07:00-19:00	måndag-fredag kl 07:00-19:00
Full stans	Vinterferie (veke 8 og 9) Heile påskeferie Sommarferie (veke 28, 29 og 30) Haustferie (veke 41 og 42) Juleferie	Vinterferie (veke 8 og 9) Heile påskeferie Sommarferie (veke 28, 29 og 30) Juleferie	Vinterferie (veke 8 og 9) Heile påskeferie Juleferie



Med desse tidene vert aktivitet som boring, sprenging og knusing redusert i høve føresegnene i reguleringsplanen. Når det gjeld uttransport av massar frå næringsområdet, er det viktig å kunne vera fleksibel i høve andre entreprenørar og hyttebyggjarar.

Forøvrig er det forureiningsforskrifta § 30-7 som set grenseverdiar for støy.

Tiltakshavarer klar over at det må gjennomførast støyvurdering med etterfylgjande realisering av nødvendige tiltak som sikrar at grenseverdiar for støy ikkje vert overskrida for evt. utsatt bebyggelse for varig opphold».

DMF sine kommentarar:

DMF vel for ordens skyld å sette inn tiltakshavaren sitt eige forslag til reduksjon i driftstider som vilkår i vedtaket punkt 2.4.

Magnar Lemme:

Høyringsinnspelet er sitert i det følgjande:

«Som hytteeier på Fet må jeg absolutt anbefale at anlegget blir satt i drift. Det er postivt for alle hytteeiere og fastboende på Fet. Dersom ikke anlegget blir satt i drift må vi få tak i all grus og singel fra Nedre Eidfjord. Med 40 000 m³ grus og singel, vil det bli 5000 lass per år som skal transporteres fra Eidfjord og opp Måbødalen også til Fet. Det vil utgjøre over 70 000 liter diesel. Bare miljømessigt vil det bli en stor fordel at anlegget på Fet får konsesjon. De tallene som jeg har referert til er jeg ganske sikker på fordi jeg har kjørt tungtransport i 52 år».

DMF sine kommentarar:

DMF harteke høyringsinnspelet til etterretning.

5. Korleis DMF vurderer søknaden om driftskonsesjon

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførbart, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkjaren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:



5.1 Utvinningsrett

Mineralførekosten som skal utvinnast tilhører kategorien mineral som grunneigaren eier. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekosten. Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gbnr. 19/1 i Eidfjord kommune, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekosten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekosten.

5.2 Arealstatus for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 44 daa og går fram av kart med tittelen «Konsesjonsområde Fet næringstomt i Eidfjord kommune», produsert ved DMF den 16. september 2019.

Området er i Detaljregulering for Fet gnr. 19 bnr. 1 og 2, med planID 2013002, vedteken i kommunestyret den 23. juni 2015, regulert til næring/tenesteyting.

5.3 Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert den vedlagde informasjonen om økonomien i prosjektet. Etter DMF si vurdering er prosjektet økonomisk gjennomførbart.

5.4 Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av steinbrotet. Skildringa og kart- og snitteikningar presenterer den planlagde brytinga av førekosten innanfor arealet på 44 dekar som søknaden gjeld. Det totale volumet fast fjell som skal takast ut er estimert til 340 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det planlagde uttaket per år er 25 000 faste m³. Det er planlagt drift i ein pall på opptil 23 meters høgde. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpande. Det blir òg presentert ein plan for sikring og avslutting. Planen er å føre brotområdet tilbake til næringsareal.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Fet næringstomt godkjennast. Ein finn at planen tilfredsstiller dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom



tiltakshavaren ønskjer å gjøre vesentlege avvik fra driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen. Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5 Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemd.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6 Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden gjeve opp Endre Berge som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

5.7 Miljøkonsekvensar av utvinninga

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne.

Det finst ein godkjend reguleringsplan for uttaket. Planskildringa i reguleringsplanen gjer greie for miljøverdiar i området og korleis uttaket vil påverke miljøet.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjelder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråsegner og eigne søk i Naturbase og Artskart (giennomførte i september 2019) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. Det er ikkje kome fram opplysningar i vurderingsgrunnlaget som tyder på at uttaket vil kome i konflikt med naturverdiar i området.

Planskildringa har gjort nærmare greie for mellom anna villrein, fugleliv og tematikk med tanke på Drøllstølsbekken som ein del av naturverdiar og biologisk mangfald innafor planområdet. Planskildringa har også gjort greie for konsekvensane knytt til desse tema.



DMF reknar kunnskapskravet i naturmangfaldlova § 8 for oppfylt. Sidan uttaket ikkje vil ha nokon større verknad på naturmangfaldet og ein ikkje kan påvise at tiltaket vil påverke truga, nær truga eller verdifull natur, legg DMF til grunn at det ikkje er nødvendig å gjere vidare vurderingar etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9–12.

Avrenning

Det går fram av reguleringsplanen sitt kapittel 7 – samfunnstryggleik og beredskap, at området har naturleg avrenning til ein recipient, Bjoreio.

DMF minner om forureiningsforskrifta kap. 30 og plikta til å melde frå til forureiningsstyresmakta ved oppstart av verksemda jf. forureiningsforskrifta § 30-11. DMF understrekar at tiltakshavaren har plikt til å halde seg innanfor dei grenseverdiane som er fastsette i § 30-6 av forskrifta.

Konsekvensar av tiltaket for kulturminner

Kulturminne er handsama som eit eige tema i planskildringa.

Ifølgje planskildringa er kulturminna i området sikra gjennom omsynssone med tilhøyrande føresegner, og at det ikkje er lagt opp til byggetiltak nær kulturminna. Eidfjord kommune har i sitt høyringsinnspel likevel peika på viktigheita av at tilførselsvegar knytt til inn- og utkøyring av massar ikkje påverkar område som er automatisk freda, spesielt kulturminne ID 110942-1 (FET-Grop 140).

DMF støttar seg til dei vurderingane som blei gjorde i samband med reguleringsplanarbeidet, og meiner at omsynet til kulturminne er sikra. DMF minner likevel om den generelle varslingsplikta etter kulturminnelova § 8.

Forureining

Forureining er omtalt som tema under planskildringa sitt kap. 7, og er skjematiskt framstilt som ein del av ROS-analysen.

På bakgrunn av det som er omtala ovanfor har DMF kome til at det ikkje finst faktorar knytte til miljø og kulturminne som tilseier at det ikkje skal gjevest driftskonsesjon eller at det er nødvendig å setje vilkår om avbøtande tiltak.

5.8 Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Tiltakshavar opplyser at område mot sør og aust der det i dag er etablert fjellskjeringar er sikra med anleggsgjerde. I reguleringsplanen er det lagt opp til tilkomst til eit betydeleg tal eksisterande og nye fritidsbustadar. Vidare er det eksisterande hytter og skiløyper like ved næringsarealet. Det er i føresegne også sett krav om at det skal etablerast parkeringsareal innanfor næringsarealet. Det vil ikkje vera praktisk mogleg å sikra mot all form for ferdsel inn i området. Området vil sikrast med anleggsgjerde på skrentar høgare enn 2 meter, elles vil det skiltast: «Anleggsområde, uvedkommande ingen adgang» ved naturlege innfartsruter langs vegen og løyper.



DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9 Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeråstoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegrar og anlegg.

Tiltakshavar opplyser at materiale i hovudsak skal nyttast til lågtrafikkert veg, opparbeiding av tomter og som omfyllingsmassar til vatn- og avlaupsanlegg.

5.10 Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Reguleringsplanen gjer føringar for bruken av området til oppsetjing av næringsbygg og parkeringsareal. Ifølgje tiltakshavar skal området verte ferdigstilt som næringsareal og parkeringsareal for fritidsbusetnaden ved avslutning av tiltaket. Reguleringsplanen set krav til utforming av ferdige skråningar. Tiltakshavar opplyser vidare at etter Eidfjord kommune si avklaring i høve til planførersegnene skal ikkje pallar overstige 2 meter og terrenget frå dei 45 grader. Dette vert lagt til grunn for attendeføring av området. Ei konkret vurdering av stabilitet av lausmassane kan medføre at denne vert slakare enn 45 grader. Ved å følgje driftsplanen vil ein setje i stand att terrenget etter kvart som ein for kvar sesong tek ut massar.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelige krava til sikkerheit.

Tiltakshavar føreslår ein økonomisk garanti pålydande eit beløp på NOK 564 000.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere for lågt. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 1 790 000 for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det etter ein



eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti–oppstartsfasen

DMF vurderer det som nødvendig at Tiltakshavaren, før drifta startar, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 447 500,-. Dette er nødvendig for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphør eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemد; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 447 500,-. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 447 500,-, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 1 790 000,- er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 2,32 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 11 år, det vil seie NOK 162 727,- per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på om lag 70 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 2,32 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren underveis i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte



år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekommst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdragning av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.

Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.



Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomsten blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Etter forvaltingslova § 18 og 19 har partane i saka rett til å sjå saksdokumenta.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Maria Lauritzen
sekjonsleiar

Thomas Furunes
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskag*

Vedlegg:

Svar på høyringsinnspele - Konsesjonssøknad for Fet næringstomt - gbnr. 19/1 i Eidfjord kommune.
Tiltakshaver: Hardangervidda Pukk & Stein AS.



Vedlegg 1_Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse_Fet næringstomt.docx
Vedlegg 2_Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav_Fet næringstomt.docx
Vedlegg 3_På kravsgaranti_Fet næringstomt.docx
Vedlegg 4_Godkjent driftsplan_Fet næringstomt.pdf
Vedlegg 5_Konsesjonsområde_Fet næringstomt.pdf

Mottakarar:

Hardangervidda Pukk & Stein Garen AS

5785 VØRINGSFOSS

Kopi til:

Eidfjord kommune	Sima dalsv. 1	5783 EIDFJORD
Fetalia Hyttevel v/Ådne Tveit		
Fylkesmannen i Vestland	Njøs avegen 2	6863 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER